

# KYRKJELYDSBLAD



for Nissedal sokn

Med meldingsblad for Nissedal kommune

Nr 2

Sommar 2020

56. årg.



Fotograf: Olav Jakob Tveit

---

## «SO BLÆDDE DEI SALMUR»

---

### «Med Jesus vil eg fara», 419

Det er blitt juni med ljose kveldar, blømande frukttre og angande syrin då me spør Asbjørn Nes Hansen om han kan seie litt om ei salme som han set pris på. Asbjørn har hatt eit langt yrkesliv som jurist og lagdomar med ikkje så lite reising, men så langt det har late seg gjere, har han vendt heimover til huset sitt i Tveitsund. I heimbygda har han funne nye krefter på turar i skog og fjell. Her har han òg vore ein god mann å ha med i mållag, i historielag og ikkje minst i kyrkja. I soknerådet var han òg med for nokre år sidan. I denne omgangen er han inne i den andre perioden sin.



### - Kan du seie noko om kor viktig salmesongen har vore gjennom skiftande tider?

- Den norske kyrkja rår over ein rik salmeskatt, både i tekst og melodi, frå ulike tidsperiodar. Reformasjonen førte med seg ei bløming for songen i den lutherske kyrkja, der heile kyrkjelyden var med og song. Men det varde lenge før orgelet blei teke i bruk i bygdekyrkjene og gav stønad for songen. Det er viktig med ei fornying av salmediktinga, slik at salmane òg kan uttrykkje ei moderne livskjensle. Det beste av den klassiske salmeskatten har likevel framleis mykje å gje. Dette er salmar med ein tekst som ber bod langt utover den tida dei blei skrivne i.

### - Og kva for salme vil du dele med oss?

- Det måtte bli ein salme av Elias Blix. Han skreiv mange slitesterke salmar. Ein av dei finaste, for ikkje å seie den finaste, er «Med Jesus vil eg fara». Blix er ein stor ordkunstnar – lyrikaren Einar Økland har karakterisert salmediktinga hans som «noko av nasjonens finaste brukskunst». «Med Jesus vil eg fara» var ein av dei salmane som nyleg blei sungen i gudstenesta i Nidarosdomen i samband med vigslina av ny preses i kyrkja vår, og preses siterte òg frå denne salmen i preika si. I den noverande salmeboka har salmen fått plass under hovudavsnittet «Guds nåde i Jesus Kristus» og underavsnittet «Truskap og etterfølging». Det er ei uvanleg velvald plassering. Med Blix si språklege meisterhand vitnar salmen om at me kan setje vår lit til Jesus, og vite at Han vil fylgje oss frå vogge til grav.

TV

Med Jesus vil eg fara  
på livsens ferd i lag.  
Gud, lat den samferd vara  
alt til min døyand dag!  
Det er mi høgste æra,  
det er mi største ros  
hans fylgesvein å vera  
og vandra i hans ljos.

Min Jesus, sanning stjerna,  
lys opp min mørke veg!  
Mitt hjarta vil så gjerna  
få fylgja etter deg.  
Du lyser enn i verdi  
som før frå Betlehem.  
Ver du mitt ljos på ferdi  
til heim med deg eg kjem!

Du til di grein meg sette  
alt i min fyrste vår,  
med livsens dogg meg vætte,  
gav sol og signa år.  
Du vil òg vokster gjeva  
alt til min slutt:  
Lat meg i deg få leva,  
i deg få anda ut!

Elias Blix 1875

---

## ANDAKT

---

Sommarlektyre: Kilden, eller fiskeren Markus av Gabriel Scott  
Fleire somrar har eg hatt denne boka som sommarlektyre.  
Og eg har hatt stor glede av å lese om denne enkle fiskaren frå Sørlandet.  
Det eg sit att med, er den stille gleda over dei enkle og kvardagslege  
tinga som Markus gjer i ferien.  
«Noen ganger sidder e å tenker, andre ganger bare sidder e»  
Og då kan han tenke over livet. Eit døme på det er når han ser på  
hummerteinene som ligg der klare til høsten. Dei fortel han at det er ein  
fiskar som har laga den teina. På same måte er heile skaparverket eit  
døme på at det er ein skapar som står bak det heile.



Han kan glede seg over å fiske Berggylte, den med så mange bein. Han gleder seg over  
hagearbeid på den lille jordflekken utføre det lille huset sitt.  
Boka byrjar med desse orda: Et menneske kommer til verden, det vandrer rundt i en ham av  
støv, det lever og spreller og stirr en tid, det trekkes med sykdom og urett og savn. Så dør det  
og går i glemme og blander sitt støv stille med jordens. Markus står det kanskje på brettet, hva  
for en Markus var det?

Det er ein melankolsk start på boka, men eg meiner at det er mykje glede i boka, ei glede over  
arbeidet, skaparverket og livet. Og så kjem slutten av boka med ei stille von. Når sjukdomen  
herjar , og han ligg i benken innmed veggen, høyrer han skrika frå ternene som kallar fram  
livs lengselen . Han ser ut av vindaugen, og ser sjømerket som skin der ute, nesten som ei  
kyrkje imot det blå. Dei som har studert Gabriel Scott, meiner det er sjømerket Nøddingen  
utanføre Brekkestø. Og det er forma som ein kross.

Boka sluttar så med desse orda: Et menneske kommer til verden- en ånd daler ned på jorden,  
den roter en støvsky opp omkring seg, tar støvet på og sleper det rundt. Når dens tid her nede  
er omme, legger den etter støvet av og vender tilbake i det eviges favn.  
Gabriel Scott skriv «det eviges favn», og ikkje «Den eviges favn».  
Dei som har studera litteraturen hans, meiner han landa på eit panteistisk livssyn.

Forkynnaren i Bibelen slit med dei same tankane: For det går slik med mennesket som det går  
med dyra, den eine som den andre: Begge skal døy, same livsande har dei alle. Mennesket har  
ingen fordel framfor dyra. For alt er forgjengeleg. Alle går til same staden. Av støv er alle  
komne, og til støv skal dei bli på nytt. Forkynnaren 3, 19-20  
Men så finn Forkynnaren ei von i kapitel 3 vers 11 :Alt gjorde han vakkert, kvar ting til si tid.  
Ja, alle tider har han lagt i hjartet deira.  
Og så kjem ei oppmoding i kap. 12 vers 6: Ja tenk på din skapar før sølvsnora slitnar og  
gullskåla brest, før krukka går i sund attmed kjelda og hjulet brotnar og fell i brønnen, når  
støvet vender attende til jorda som det støv det var, og ånda går til Gud, som gav henne.

Knut Bjørn Skyttemyr

---

## Me stakk innom

---

### Bente Rønningen Meyer, sambygding, småbarnsmor og ny kyrkjeverje

Me treffer Bente Rønningen Meyer ein hustren maidag utanfor kommunehuset til ei lita samtale. Her finn me oss ein litt lognare krok der endåtil ei og anna solstråle når fram som ei lita, optimistisk helsing mellom ruskande vind og trugande skyer. Og det har sanneleg vore nok av mørke skyer i det som kom til å bli dei fyrste månadene Bente har fått i stillinga som kyrkjeverje.



-Ja, det har unekteleg vore ei litt underleg tid på å kome inn i nye arbeidsfelt - midt opp i alle tiltaka mot koronasmitte, seier Bente, - men eg synest det har gått greitt. Eg har kjent meg varmt velkommen av heile staben og soknerådet og har fått god innføring i arbeidsoppgåvene mine.

#### Gode oppvekstår

*-Du fekk oppvekståra dine i Landvik i Treungen, og me må vel kunne seie at du har djupe røter i heimbygda?*

- Ja, det er sant. Mor mi, Agnes Syvertsen, fekk både barndomsheim og eigen heim i Landvik, og far min, Oddvar Rønningen, fekk barndomsheimen sin i Heimdal. Frå foreldra mine går det liner bakover til ulike stader i kommunen vår. Det kjennest godt å ha røter. Nå er det mannen min, Jan Robert, og eg som bur i barndomsheimen min i lag med tvillingane våre, Sofie og Sebastian.

*-Og her i Landvik fekk du gode og aktive barndomsår?*

-Ja, her fekk eg vekse opp i ein trygg og god heim. Pappa arbeidde i heile yrkeslivet sitt på det som då heitte Nissedal e-verk, og mamma arbeidde på Treungen telefonentral, men dei hadde god tid til rolege familiekveldar. Eg hugsar så vel at eg ikkje så sjeldan vakna til den jamne duren frå mixmasteren inne på kjøkkenet. Då visste eg at det snart venta nybaka rundstykke. På 1970-talet var det nok òg meir vanleg å samle seg kring bordet til skikkeleg kveldsmat, gjerne med varm kakao i koppane.

Me drog òg mykje ut på turar med bil og campingvogn. Den vesle familien blei skikkeleg samansveisa, men sidan eg voks opp som einebarn, kom eg nok til å få ganske stor utferdstrong. Eg var ikkje stor jente før eg hadde blitt med på ei heil rad med aktivitetar. Eg blei tidleg med på sundagsskulen i Frikyrkja. Det var naturleg å bli med på den staden som låg nærest. Alt som treåring gjekk eg det fyrste skiløpet mitt, ein aktivitet eg heldt på med til eg var 15. Snart var eg òg med i Korvetten, eit lag for dei som var i 10 -12-årsalderen.

Samtidig var eg med i barnekor og litt seinare i koret Levande greiner. Då me kom opp i ungdomsskulealder, var det mange av oss som var med på Ungdomens laurdagskveld på Bedehuset. Etter kvart syntest mamma det blei i meste laget med aktivitetar. Nå meinte ho at det var på tide å bremse ned litt for å kunne ha meir tid heime, og det hadde ho nok heilt rett i.

#### På veg til utdanning

Etter skuleår på Tveit skule/Nissedal ungdomsskule og konfirmasjon i Treungen kyrkje var det tid for å stake ut kurser vidare. Som så mange andre unge frå kommunen vår måtte Bente reise ut av heimbygda for å gå på vidaregåande skule, og som for ein god del andre sambygdingar gjekk vegen til Kvitsund gymnas. Bente fortel at ho lika seg godt på Kvitsund,

men her fekk ho tankar om at ho gjerne skulle hatt eit opplegg som hadde meir med tal og matematikk å gjere. Då passa det godt at ho kunne få gå vidare på Drottningborg i Grimstad.

### **Møte med død og sorg**

- *Midt i ungdomstida di kom sjukdom og død inn i familien?*

- Ja, mamma hadde slite med sjukdom ei tid, og etter kvart såg me at livet ikkje stod til å berge. Ho sovna inn i 1991. Det var naturleg nok eit hardt slag for heile familien, kanskje særskilt tungt for ein syttenåring. Fem år seinare døydde også far min. Eg opplevde heldigvis å få hjelp på mange måtar, ikkje minst av tantene mine og familiene deira. Eg må heller ikkje gløyme morfar, Sigvald Syvertsen. Det var ikkje få gonger han laga middag til meg. Det syntet seg òg at mykje av den store omgangskrinsen som eg hadde hatt frå barneåra, var ekte vennskap. Her fekk eg mykje trøyst og støtte. Frå den tunge tida ligg det mange minne og lyser.

### **Allsidig utdanning og yrkesliv**

Bente var i gang med førskulelærarutdanning i Kristiansand, då ho miste far sin. Då var det godt å ha ei tante, ei morsyster eller moster, som ikkje budde så langt unna. Bente har mange lovord om støtte og hjelp, noko som var med på å gje nytt livsmot og lyst til å fullføre utdanninga.

På Høgskulen i Agder gjorde ho òg unna eit år med utdanning i offentleg administrasjon. Deretter bar det heimover til spennande oppgåver som førskulelærarar, lærar og stundom som styrar i barnehagen. Bortsett frå dei unge på Felle er Bente blitt kjend med førskuleborn, elevar og kollegaer over heile kommunen vår. I tida på Tveit skule samarbeidde ho òg med kollegaer om vidareutdanning i spesialpedagogikk. Før Bente tok til som kyrkjeverje, var ho godt i gang som barnehagestyrar på Dølemo i Åmli kommune.

### **Giftarmål og småbarnstid**

I 2011 gifte Bente seg med sin kjære Jan Robert i Treungen kyrkje. - Då kom nok saknet av foreldra tydelegare fram att. Eg skulle så gjerne hatt dei med på den store festen, men du verden så fint det var å ha gode folk i familien. Slik blei det Osmund (Almelien) som fylgte meg oppover kyrkjegolv, fortel Bente medan smilet breier seg. - Ja, eg må au få nemne datoën 9.august 2012, legg Bente til, - dagen då Jan Robert og eg blei foreldre. Jan Robert måtte naturlegvis gledestrålande finne fram telefonen for å få sagt dette til foreldra sine. Eg skulle gjerne kunne ha gjort det same. Likevel kjenner eg på at eg har grunn til å vere takksam. I tillegg til dei nærmeste har eg som nemnt ein stor familie, ein familie som har blitt knytt tett saman både i sorg og glede.

### **Kyrkjeverje**

- Eg synest det er veldig spennande å kunne sjå kyrkja meir frå innsida, mellom anna bli kjent med staben og dei mange, daglege gjermåla, seier Bente om dei fyrste månadene ho har hatt som kyrkjeverje før ho tenkjer seg litt om og legg til: - Eg fekk som nemnt vere med på mykje i kyrkja i oppvekståra, og i seinare år har eg òg vore med i barne- og ungdomsutval. Det er så mykje som me ofte tek som sjølvsagt. Tenk på dei fine kyrkjegardane me har, og alt arbeidet som ligg bak. Me veit at det er mange som set stor pris på kyrkja. Av ulike grunnar er ikkje alle like aktive og synlege, men me ser det tydeleg i eit lite bygdesamfunn, kanskje fyrst og fremst i gravferder, i dåp og konfirmasjonar, men òg i mange av dei vanlege gudstenestene og samlingane, at kyrkja framleis spelar ei viktig rolle, og at den kristne bodskapen om nåde, tru, håp og kjærleik framleis er noko mange vil ha med seg på vegen gjennom livet.

TV

## Noen ord fra Frivilligsentralen.

Det har vært en tid der Korona har påvirket oss alle i samfunnet på en eller annen måte, en rar tid, en ensom tid.. men kanskje har vi lært noe om oss selv i denne annerledes tida? Mange har også nå bidratt med hjelp til de som trenger det mer, samtidig som det også har vært en gjensidighet i det. De som stiller opp, kjenner en indre glede av å hjelpe andre, for en god sirkel det er!

Det går ikke en dag uten at jeg tenker- dette lokalsamfunnet i Nissedal er og har noe helt spesielt ved seg. Jeg merker det godt i min jobb på Frivilligsentralen. Her er det folk fra alle deler av bygda, som ikke nødvendigvis kjenner hverandre nært fra tidligere, men hos oss kommer det et samhold fram selv om vi har forskjellig bakgrunn. Vi hjelper hverandre og samarbeider på tvers av lag og foreninger, kommune og enkeltpersoner. Vi er alle så forskjellige og det føles bra, for varmen og omsorgen bare vokser.

Har du lyst til å innom hos oss? Du er så velkommen, her kan du stikke innom å se i butikken, ta en kaffe (jeg garanterer at da er det noen å skravle med), levere ting du ikke har bruk for, men som er for fint til å kastes, du kan komme for å strikke, bli med på torsdagstur eller dugnad, stå i butikken, eller bare være å kose deg ☺

Vi som mange andre lukket dørene, når hele Norge stengte. Vi var med på dugnaden om å hjelpe hverandre – ved å holde avstand. Ja- vi var savnet, men det var nødvendig. Ja- det var vanskelig, men vi fant andre måter å være der for hverandre.

Det startet med en ide fra ei som jobber på omsorgssentret- hva om det går tomt for engangs smittevernsutstyr, kunne vi hjelpe? Noen telefoner og de frivillige var klare for å lage mønster, klippe, sy, kjøre, hente og bringe. Frakkene ble svært godt mottatt og vi har til slutt levert 20 gjenbruksfrakker som er på lager. 30 heter til hjemmesykepleien er også rett rundt hjørnet.

I påsken fikk vi den store glede av å fylle over 70 påskeegg som ble levert til brukere av Kåsa, NOS og hjemmesykepleien, tårene var ikke langt unna da jeg fikk en kjempekoselig telefon fra noen som var så overasket og glad over å ha mottatt dette. Det kostet så lite, men gledet så mange.

Vi har hatt et par dager med dugnad på omsorgssentret med luking og planting, der vi også gjorde litt sosialt ut av det. De frivillige fikk suppe ute og beboerne fikk et flott musikalsk innslag i fint vær ute på verandaen.

Vi deler ut «plukkposer» som folk kan ha med på tur til søppel, bare komme å hente på sentralen. Dette i samarbeid med Hald Nissedal reint. Og i den forbindelse har vi begynt med å rydde skogs og turområdet rundt IATA der vind og vær har blåst av sted med søppel.

Kaffemaskinen er det store nye om dagen, vi har nå startet med lørdags åpent, koselig når folk kommer innom for å nyte en kaffe latte eller to ☺

Tusen takk til alle frivillige som stiller opp, dikkan e gull verdt!

Til dere som lurer på hvordan det er hos oss, stikk innom- bli kjent.

Ta vare på hverandre- ved å holde litt avstand, vi er ikke i mål riktig ennå.

En god sommer ønskes dere alle.

Fra Renate på sentralen



# Trusopplæring

hausten 2020

## FJONE BEDEHUS

### Haustprogram

- Yngres. Sjå meldingar på FB-sida.
- Damenes. Kvar fyrste onsdag i månaden kl 19.
- BASAR. Fredag 20.november kl 18.30.
- Adventssamling . Sundag 6.desember kl 15.00

### Program for sunddagsskule og tårnagentar

#### Treungen bedehus

23.08. kl. 11.00:	Sundagskulensdag i Nissedal
20.09. kl. 11.00:	Sundagskule og Tårnagentar
11.10. kl. 11.00:	Sundagsskule og Tårnagentar
18.10. kl. 11.00	Familegudsteneste 4 årsbok
01.11. kl. 11.00:	Sundagsskule og Tårnagentar
21-22.11.	Lys vaken
06.12. kl. 17.00	Adventsamling i Haugsjåsund
29.12.	Jolefest i bedehuset

Det vert tilbod for borna i sakristiet under vanlege gudstenester.



### KYRKJEBYGDA

#### BEDEHUS:

#### NISSEDAL SUNDAGSSKULE

Sundagsskulen starter opp på bedehuset sundagar kl.11-12 etter sundagsskulens dag i august.  
Program kjem i august.  
Helsing Astrid og Pauline.

### NISSEDAL YNGRESLAG

Yngres starter opp att på bedehuset til hausten. Programmet kjem i august/september.

Helsing Jorun Marie, Solgunn, Jon Inge og Pauline.

### Leir på Fjone 28-30 august 2020


**Leir for alle elevane i 9. klasse, også dei som har vald å ikkje stå til konfirmasjon.**

### Ny Konfirmasjonsdato: 3. oktober 2020

**Treungen kyrkje kl 11.00**

**Nissedal kyrkje kl 13.00**

**Treungen frikyrkje kl 11.00**



## GUDSTENESTELISTE med ofring hausten 2020

### July

05.	19.00	Treungen	Kirkens SOS
12.	19.00	Nissedal	Kirkens SOS
26.	12.00	Tveit	Olsokmesse. Vandring på gamal

### August

02.	11.00	Treungen	Nattverd.
23.	11.00	Nissedal	Søndagsskulens dag.
30.	11.00	Fjone	Familiegudsteneste Konfirmantane deltek. Kyrkjekaffe

### September

06.	11.00	Treungen	Konfirmantpresentasjon
20.	11.00	Nissedal	Gullkonfirmantar
24.	18.00	Nissedal	Hausstakkefest saman med Yngres 4. årsbok

### Oktober

03.	11.00	Treungen	Konfirmasjonsgudsteneste
	13.00	Nissedal	Konfirmasjonsgudsteneste
18.	11.00	Treungen	Familiegudsteneste. 4 årsbok
	18.00	Nissedal	Gullkonfirmantar Nattverd

### November

1.	18.00	Nissedal	Minnegudsteneste. Kveldsmat
22.	11.00	Nissedal	Familiegudsteneste
22.	18.00	Treungen	Nattverd
29.	17.00	Felle	1.s.i advent. Jolegrantenning

### Desember

03.	18.00	Nissedal	Gudsteneste saman med skulen Jolegrantenning
06.	11.00	Treungen	Nattverd
20.	18.00	Treungen	Vi syng jola inn
21.	09.30	Treungen	Skulegudsteneste
24.	13.00	Felle	Kirkens Nødhjelp
24.	14.30	Treungen	Kirkens Nødhjelp
24.	16.00	Nissedal	Kirkens Nødhjelp
25.	11.00	Treungen	Nattverd
27.	11.00	Nissedal	Kirkens Nødhjelp Diakoniprosj.i Mali

## **Treungen Frikyrkja 2. halvår 2020**

### **Juli**

26. 12.00 Olsokgudst. Tveit kyrkjegard  
(Dnk)

### **August**

11. 18.00 Dugnad/fellesskap  
16. 11.00 Gudsteneste. Nattverd  
21.- 22. Speidertur/overnatting for 4.-  
7.kl  
23. 11.00 Sundagssk. dag. Nissedal  
kyrkje  
25. 18.00 Kva skjer? Informasjon om  
aktivitet  
30.11.00: Gudsteneste  
31.17.30: Speideraktivitet

### **September**

01. 19.00 Kvinneforening  
07. 17.30 Friklubben  
08. 18.00 Dugnad/fellesskap  
10. 19.00 Kveldskafè  
13. 11.00 Gudsteneste.  
Sundagssk. og tårnag  
14. 17.30 Speidaraktivitet  
15. 19.00 Kvinneforening  
18.- 20: Samlivskurs?  
21. 17.30 Friklubben  
22. kl.18.00 Kyrkjelydsmøte  
24. 12.00 Song- og hyggestund  
27. 11.00 Gudsteneste. Nattverd  
28. 17.30 Speidaraktivitet  
29.19.00 Kvinneforening

### **Oktober**

03.11.00: Konfirmasjonsgudsteneste  
12.17.30 Speidaraktivitet  
13. 19.00 Kvinneforening  
15. 19.00 Kveldskafè  
19. 17.30 Friklubben  
20. 18.00 Dugnad og fellesskap  
25. 11.00 Gudsteneste. Sundagssk. og  
tårnag. Nattverd  
26. 17.30 Speidaraktivitet  
27. 19.00 Kvinneforening  
30. 18.00: Kurs med Ringsby  
31. 10.00 Kurs med Ringsby

### **November**

02. 17.30 Friklubben  
03. 18.00 Dugnad og fellesskap  
09. 17.30 Speidaraktivitet  
10. Tilsynsmannen på besøk  
10. 19.00 Kvinneforening  
12. 12.00 Song- og hyggestund  
12. 19.00: Kveldskafè  
15. 11.00 Gudsteneste. Nattverd  
Sundagssk. og tårnag.  
16. 17.30 Friklubben  
17. 18.00 Dugnad og fellesskap  
21.-22: "Lys vaken" 6.-7.kl  
22. 11.00: Felles familiegudsteneste i  
Nissedal  
23. 17.30 Speidaraktivitet  
24. 18.00 Dugnad. Jolemess  
28. 18.00 Jolemess  
29. 11.00 Misjonsgudsteneste. Nattverd  
30. 17.30 Friklubben

### **Desember**

01. 18.00 Dugnad og fellesskap  
08. 19.00 Kvinneforening  
13. 11.00 Familiegudsteneste.  
Utdeling av 4 årsboka  
24. 15.00 Familiegudsteneste.  
29. 17.00 Sundagsskulens jolefest på  
Bedehuset

### **Endringar kan skje.**

**Følg med på**

**[www.treungenfrikyrkje.no](http://www.treungenfrikyrkje.no)**

**Bøn torsdag kl 09.00**

**Treungen frikyrkje sin gavekonto:  
2714. 10. 06628. Vipps nr. 2703**

## Møte på Haugsjåsund grendehus

**Onsdag 9.sept. kl.19.00:** Møte med tale av Martha Irene Eriksrød fra Normisjon. Kollekt og enkel servering.

**Torsdag 10.sept. kl.19.00:** Møte på Bedehuset med tale av Martha Irene Eriksrød.

**Onsdag 21.okt. kl.19.00:** Møte med tale og song av Johannes Bakken. Kollekt og enkel servering.

**Onsdag 18.nov. kl.19.00:** Møte med tale og song av Ole André Eliassen fra Radio Grenland. Kollekt og enkel servering.

**Sundag 6.des. kl.17.00:** Adventsfest for store og små.  
Adventstankar ved Torill Sønderland.  
Geir Enger og Marie Kornmo Enger hjelper oss med advents-og jolesongar.  
Kollekt og enkel servering  
**Alle er hjarteg velkomne!**

## Treungen Normisjon Bedehuset

### August

20.	kl.19.00	Dugnad/fellesskap.
27.	kl.19.00	Møte, Sam Tore Bamle

### September

03.	kl.19.00	Medlemsmøte
07.	kl.19.00	Bønsamling.
09.	kl.19.00	Møte i Haugsjåsund, Marta I. Eriksrød - i bedehuset
10.	kl.19.00	Marta I. Eriksrød
18.	kl.19.00	Sang og tale v/ Hanne og Vidar Brautaset
24.	kl.19.00	Dugnad/fellesskap.

### Oktober

01.	kl.19.00	Bibeltime, Oddvar Svalastog
05.	kl.19.00	Bønsamling.

## Velkomne i Bedehuset

## Samlivskurs: 4.-6. september

Ønskjer du og din partner å styrke relasjonen de har? Sett av denne helga og bli med! Dette 12 timars kurset byggjer på forsking av verdas fremste samlivsforskare, John Gottman. Han er kjend for sitt forskingsbaserte arbeid innan livslang kjærleik og stabile parforhold.  
Kurshaldarar: Beate og Terje Wold  
Meir Info ligg på [www.treungenfrikyrkje.no](http://www.treungenfrikyrkje.no)

## Felle frikyrkje

6.sept kl.11.00: Møte med tale av Kjetil Karlsen.

4.okt. kl.11.00: Møte med tale av Jens Bergsland.

8.nov. kl.11.00: Møte med tale av Ole Bjørn Bjørnsen

13.des. kl.11.00: Møte med tale og sang av Arvid Lindal.

**Vel møtt!**

## KYKJELYDSBLAD

for Nissedal sokn utgjevar:

Soknerådet i Nissedal

### REDAKSJON:

Knut Bjørn Skytemyr, 3854 Nissedal,  
Mob: 90 79 93 68

Tor Valle, 3855 Treungen,  
priv. tlf: 92 48 90 42

Gunnhild Breivik Rieber-Mohn  
3854, Nissedal, priv.tlf: 99 42 33 59

### EKSPEDISJON:


Kyrkjekontoret

GIRO: 2714.10.15589

Bladet vert sendt ut gratis til alle heimar i  
Nissedal prestegjeld.


Friviljuge girer til bladet vert mottekne  
med takk.

Trykt ved Erik Tanche Nilssen trykkeri,  
Skien



# MELDINGSBLAD

## NISSEDAL KOMMUNE



NR 2.

2020

### Velkommen til Nissedal Folkebibliotek

Vi har eit godt utval av aviser, blad, filmar og sjølvsagt mange gode bøker.

Om ikkje vi har boka du er ute etter, så kan vi låne bøker frå andre bibliotek. Heilt gratis.

#### **Nissedal Folkebibliotek i sommar**

Biblioteket vil vere ope slik framover:



- Fram til og med veke 27, måndag og onsdag kl. 13.00 – 17.00
- Stengd veke 28
- Ope veke 29 og 30, måndag og onsdag kl 13.00 – 17.00
- Stengd veke 31 og 32
- Veke 33 og vidare, ope som vanleg.

Evt med nye opningstider og laurdagsope frå veke 33. Dette kjem vi tilbake til.

#### **Biblioteket**

Nissedal folkebibliotek er ope for publikum igjen.

Vi opnar biblioteket innanfor gjeldande rettleiarar for smittevern og bibliotek.

Vi vil ha ope kvar måndag og onsdag frå kl 13.00 – kl. 17.00.

Biblioteket blir ope for utlån, men det er ikkje høve til å opphalde seg i biblioteket ut over det å låne bøker.

Det kan vere maks 10 personar inne av gongen, og for å kunne besøke biblioteket må du vere heilt frisk og vaske deg på hendene sprite hendene før du kjem inn.

Om du ikkje ynskjer å besøke biblioteket fysisk, tar vi gjerne i mot bestilling frå deg på tlf eller e-post, så kan vi henge ut ein pose med bøker på døra til avtalt tid.

E-post: [biblioteket@nissedal.kommune.no](mailto:biblioteket@nissedal.kommune.no)

Tlf: 35 04 84 61

#### **Lånekort**

Om du treng hjelp til å skaffe deg lånekort på biblioteket, så ta kontakt med oss.

#### **E-bøker**

Om du vil låne bøker digitalt kan du laste ned appen Bookbites og få tilgang til mykje god litteratur og lydbøker.

Vi kan hjelpe deg til å få tilgang.

### Sjakklubb

På grunn av koronasituasjonen vil Ungdomsklubben KEMFU og Sjakklubben på biblioteket arrangere sjakk på nett.

Klubben er for alle fra 1. klasse og oppover.

Det vert arrangert klubbturninger på onsdagar og fredagar.

Har du spørsmål eller treng du hjelp:

Send melding til Grzegorz 947 94 680 eller Roberto 414 84 478 så ringer vi tilbake.

Nissedal folkebibliotek ligg ved Nissedal ungdomsskule. Biblioteket er eit tilbygg til skulen, og er organisert som eit kombinasjonsbibliotek.

### E-bok

Minner om at du kan laste ned appen Bookbites, og låne E-bøkar og lydbøkar på nettbrettet ditt.

Ta gjerne kontakt med oss, om du treng hjelp, eller ynskjer meir informasjon om dette.

Du kan laste ned appen Bookbites, og få tilgang til masse litteratur heime hos deg sjølv. BookBites kan brukas av alle målgrupper, vaksne og barn, og har ein rekke funksjonar som støttar opp under den gode leseopplevelingen og vil motivere deg til å lese vidare.

Appen har også integrerte hjelpefunksjonar for ulike lesevanskar, til dømes dysleksi, og eit brukarvenleg, universelt utforma design.

Last ned appen Bookbites, og følg instruksjonar for pålogging.

### PressReader

Om du lastar ned appen PressReader på biblioteket, kan du lese ufatteleg mange avisar og tidsskrifter. Etter at du har opna appen kan du lese vidare i 7 dagar heime.

### Sommarles

Over 60 born har allereie starta opp med sommarles i Nissedal kommune. Dette er ein digital lesekampanje for born i 1.-7.klasse. Vil du vere med? Gå inn på sommarles.no og registrer deg. Det er gøy å lese, og vi har premiar til deg.

Vi på Nissedal folkebibliotek kan hjelpe deg med spennande litteratur, eller du kan lese det du har heime. Du kan lese bok, bruke nettbrett og appen Bookbites eller

høyre på lydbok.


Du kan og følgje Sommerles på Facebook, søk Sommerles.

Vi håpar du vil vere med



## VASSTÅRNET VED GAUKÅS

Den nye sykkelvegen på jernbanelina frå Åmli til Tveitsund skulle ha blitt høgtidleg opna nå i vår, men på grunn av koronakrisa vart det utsett. Sykkelvegen er godt som ferdig og er ei stor oppleving å sykle. Der er mykje fint steinarbeid langs hele lina, men eit bygg er noko heilt for seg sjølv: Det gamle vasstårnet som reiser seg som ei borg inne i skogen ved Gaukås. Mange gode krefter i Nissedal arbeider for å få det fram av skogen og forfallet og gløymsla. Her kunne det ved enkle hjelpemiddel bli laga ein rastepllass som inngangsport frå sør til Nissedal kommune og det nye Vestfold og Telemark fylke. Med benkar og bord der tårnet reiser seg majestetisk mot himmelen som eit blikkfang. Tårnet er utruleg fint laga. Ingen handverkar kan lage så fint murarbeid i dag. Og plasseringa er perfekt mellom sykkelvegen og Telemarksvegen nokre få hundre meter nord for fylkesgrensa. Denne plassen har så store moglegheit, også som startpunkt for den nye sykkelvegen. Her er god plass til parkeringsplassar for bilane syklistane kjem med. Her kunne vere informasjonstavler om sykkelvegen, Telemarksvegen, Nissedal kommune, jettegrytene og det nye fylket. Her er flatt og fint og lett å få til ei avkjørsle frå Rv. 41. Og der blir laga ein motorcrossbane på andre sida av riksvegen. Denne plassen kan kome til å bety svært mykje for marknadsføringa av den flotte kommunen vår. Og bety mykje som destinasjonsutvikling av Nissedal som ein stor hytte- og reiselivskommune. Potensialet er stort.



Olav Jakob Tveit.

## Frå kyrkjekontoret.

Vi har nå vore igjennom ei spesiell tid i landet vårt, og det har også vi på kyrkjekontoret og i kyrkjene merka.

Frå å ha mange aktivitetar gåande, blei alt lagt ned, og vi måtte tenke på nye måtar. Arrangement har blitt avlyst eller utsett. Konfirmasjon som skulle vore 31. mai er utsett til 3. oktober og konfirmantleiren som pleier å vere i starten av august blir fyrst i vinterferien.

Vi på kyrkjekontoret har hatt heimekontor, men vore litt innom for å lese post og halde unna rekningar. Kontakten med staben har foregått ute med god avstand eller over telefon. Både prest og kyrkjeverje har hatt møte over skype/teams. Presten med prost og andre prestar og vi kyrkjeverjene har hatt 2 møter i kyrkjeverjelaget på teams.


I denne perioden gjekk prestane i Øvre Telemark saman om å lage gudstenestar som blei lagt ut på Facebook, både sida til Kyrkja i Øvre Telemark og vår eiga side Kyrkja i Nissedal. Her blei det lagt ut ny gudsteneste kvar dag.

**Fasteaksjonen** i år blei også digital og det var innsamling over nettet på FB. Vi fekk inn den flotte summen av kr 23 322,- til Kirkens nødhjelp. Det er like mykje som vi pleier å få inn ved ein vanleg fasteaksjon med bøsser.

**Vatningsanlegget på kyrkjegarden i Nissedal:** Det har i lang tid vore problem med vatning her, men den er nå utbetra og klar for bruk.

På alle vasskranpostane heng det plakat med informasjon og såpe som skal brukast for å hjelpe mot smittespreiing. Elles følgjer vi dei smitteverntiltaka vi blir pålagt frå våre overordna.

# Bli kjent med den nye salmeboka v/ Olav Svalastog



## NORSK SALMEBOK NR. 252

Det er sommar med merkedagar som Jonsok og seinare Olsok.  
Denne salma minner om Gud, den allmektige som stend bakom alt.  
«Ein bustad har du vore , Gud, for oss frå ætt til ætt.»  
«... før fjella vart fødde er du, Gud.»

Det er Salme 90 i Bibelen som teolog Arve Brunvoll har dikta om til ein melodi  
frå Scottish psalter , skotsk salmebok frå 1634.  
Her er det setningar me kan kjenne att frå ulike samanhengar i kyrkja:  
«....for deg er tusen år som ein dag eller som ei nattevakts» og « lær oss å telje våre dagar  
så me kan få visdom i hjarta.»

## 252

T Arve Brunvoll 1975, etter Sal 90  
M Scottish Psalter 1634

Ein bu - stad har du vo - re, Gud, for  
oss frå ætt til ætt. Før fjell vart fød - de,  
åt - te du ein e - vig gud - doms - rett.  
Etter siste vers A - men.

2 Ditt ord gjer mennesket til støv,  
for deg er tusen år  
som nattevaka når ho lid,  
som dag som kvarv i går.

3 Som draumen vert dei rivne vekk,  
som graset fer dei fort:  
Ved morgenbilet er det grønt,  
om kvelden turka bort.

4 Å Gud, kven kjenner vreiden din  
og styrken i din harm?  
Kven har vel age for ditt namn  
og otte for din arm?

5 Så lær oss, Gud, å telje rett  
kvar dag og stund som lid;  
så visdom fyller hjarta vårt  
vår stutte levetid!

6 Mett oss med miskunn, Herre, når  
den nye dagen renn,  
så vi kan jubla all vår dag  
og glede oss igjen!

7 Lat alle dei som tener deg  
få sjå di gjerning sterke!  
Guds ynde vere over oss  
og fremje våre verk.  
Amen.

## NISSEDAL SOKN VEST TELEMARK

### Sokneprest Knut Bjørn Skyttemyr

Kyrkjekontoret: tys. og tors.

kl. 10-13

Tlf: 35 04 84 49 Mob: 90 79 93 68

e-post:

[knut.bjorn.skyttemyr@  
nissedal.kommune.no](mailto:knut.bjorn.skyttemyr@nissedal.kommune.no)

### Kyrkjeverje Bente Rønningen Meyer

Kyrkjekontoret: man., tys.,tors. og fre.

kl. 9-13

Tlf: 35 04 84 43 Mob: 99 54 45 43

e-post:

[bente.meyer@nissedal.kommune.no](mailto:bente.meyer@nissedal.kommune.no)

### Leiar soknerådet:

Anita H. Haugsjå

### Nestleiar:

Asbjørn Nes Hansen

### Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar

Anne Marie Larsson

Mob: 90 63 47 47

### Klokkar i Treungen Kyrkje

Reidun Lauvdal

Mob: 95 06 52 01

### Kyrkjetenarvikar Felle kapell

Elisabet Åstrand

Mob: 97 62 10 48

### Prostdiakon Eilev Erikstein

3890 Dalen, tlf: 35 07 71 88

Mob: 91 11 35 80

### Kirkens SOS

**Tlf: 22 40 00 40**



## FRÅ KYRKJEBOKA - NISSEDAL SOKN

### Nissedal kyrkje

#### Dåp:

11. 4.: Vega Elise Rieber-Mohn  
Foreldre: Ragnhild Rieber-Mohn

11.4.: Alvin Rieber-Mohn Gobina  
Foreldre: Gro Rieber-Mohn Gobina  
Og Edwin Njie Gobina

#### Gravferd:

27.3.: Torunn Hogsrud D:19.03.20 F:1937

### Treungen kyrkje

#### Dåp:

1.5.: Odin Bøe  
Foreldre: Anne Solveig Bøe og Ole  
Kristian Bøe

7.6.: Sjur Rekvik  
Foreldre: Therese Hogsrud og  
Håvard Rekvik

#### Gravferd:

8.4.: Birgit Tveiten D:02.04.20 F:1921

8.5.: Margit Tveiten D:23.04.20 F: 1925

19.6: Torhild Trontveit D:13.6.20 F:1927

#### Viggsel:

20.6.: Gunhild Lauvdal og Magne Andre  
Sollid

### Gje di gāve ved bruk av VIPPS

Kyrkjelyden har fleire nummer:

123534 Sundagens offer

123537 Kyrkjelydsarbeidet,

123538 Diakoniprosjekt i Mali

123539 Gāve til Kyrkjelydsbladet



*Nissedal kyrkje*

Fotgraf: Olav Jakob Tveit

God sommar